



Til  
Justis og beredskapsdepartementet  
Attn: John-Erik Vika  
[postmottak@jd.dep.no](mailto:postmottak@jd.dep.no)

## Uttale frå Hardangerrådet vedr. Hardanger tingrett

Hardangerrådet består av kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet har engasjert seg sterkt i diskusjonen om domstolstruktur og har ved fleire høve uttalt seg til støtte for Hurdalsplattforma sitt forslag om å reversere dagens domstolstruktur. Ei reversering vil for vårt distrikt innebera at Hordaland tingrett vert reversert med den følge at Hardanger tingrett gjenoppstår som eigen tingrett med eigen sorenskrivar.

I denne prosessen ser Hardangerrådet at Hardanger tingrett som ein liten tingrett vil vera tent med å utvida rettskretsen til også å omfatta Voss herad. Det vil innebera ei mindre justering av rettskretsgrensa mot Bergen tingrett. Rådet har teke dette opp med Voss herad som er positiv til denne løysinga.

Slik både Hardangerrådet og Voss herad vurderer det er det fleire gode grunnar for å gjera ei slik endring i rettskretsgrensa:

- Ved ei slik justering av rettskretsgrensa vil innbyggertalet som sokner til Hardanger tingrett auke frå ca. 21.500 til ca. 37.000. Dette gir rom for å auka antall tilsette og gjera det lokale fagmiljøet breiare og mindre sårbart.
- Ei slik endring vil vera med på å styrke det lokale advokatmiljøet i begge regionar og gjera fagmiljøa meir attraktive. Dette vil også gje innbyggjarane tilgang på betre tenester.
- Ei slik endring vil letta situasjonen for Bergen tingrett som i ei årrekke har hatt store restansar. Det rettssøkjande publikum i Bergen vil såleis også ha fordelar med denne løysinga.
- Med ei slik ordning vil det vera naturleg å etablera rettssal på Voss slik at Vossa-saker vert handsama der. Det rettssøkjande publikum vil såleis få langt betre tilgang til domstolen enn situasjonen er i dag, der dei fleste saker går i Bergen.

- Økonomisk vil dette kun medføra meirutgifter til ei sorenskrivarstilling, men i ein tingrett som Hardanger vil det vere begrensa med administrative oppgåver og det meste av kapasitet vil gå til rein produksjon. Til dei økonomiske konsekvensane er også å merka seg at Ullensvang og Kvam herad per i dag dekker kostnadene til rettssal. Denne løysinga medfører også at politiet på Voss ikkje lenger vil måtte bruka ressursar på å reisa til Bergen som vitne i lokale saker.

På bakgrunn av ovennevnte ber Hardangerrådet og Voss herad om eit møte med departementet for å diskutere denne løysinga nærmare."

Kinsarvik 27.11.2023

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet/Voss herad

Roald Aga Haug  
ordførar Ullensvang kommune  
rådsordførar Hardangerrådet

Torgeir Næss  
ordførar Kvam herad

Tonje Såkvitne  
ordførar Voss herad  
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Timo Knoch  
ordførar Eidfjord kommune

Jens Olav Holven  
ordførar Ulvik herad